



Arkivnr: 2016/35202-213

Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.05.2018

**Fordeling av resterande løyving til tiltak i statleg sikra friluftsområder 2018,
Statsbudsjettet kap. 1420, post 78****Samandrag**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune vedtok i PS 53/2018 den 24.04.2018 fordeling av kr 5,2 mill. til tiltak i statleg sikra friluftsområder. Ved ein inkurie vart kr 300.000 av den totale løyvinga frå Miljødirektoratet ikkje fordelt i den saka. Såleis legg fylkesrådmannen fram ei sak om fordeling av desse midlane som ikkje påverkar dei allereie vedtekte tildelingane.

I forslag til fordeling ligg dei nasjonale føringane om å prioritere friluftsområder som ligg i og ved byar og tettstader, blir eller har potensial for å bli mye brukt og som ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala, til grunn. Alle omsøkte tiltak skal vere forankra i godkjente forvaltningsplanar. Forslag til fordeling føl i stor grad prioriteringlista til søkerarar.

Kr 220.000 av kr 5,5 mill. som Hordaland fekk tildelt frå Miljødirektoratet til denne ordninga for 2018, er øyremerka universell utforming. Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune vedtok 13.04.2016 at ein større del av midlane vert øyremerkt universell utforming. Dette er det teke omsyn til i sakshandsaminga av søknadane og totalt er det løyvd kr 2.060.000 til dette føremålet til følgjande 9 friluftsområde: Sandholna 845 000 kr (Bergen), Helleneset 100 000 kr (Bergen), Øvre Hellen 100 000 kr (Bergen), Skjoldbukta 20 000 kr (Bergen), Ervikane 70 000 kr (Os), Skjelavikjo 45 000 kr (Fusa), Kårtveitpollen 80 000 kr (Fjell), Geitvika 650 000 kr (Fjell) og Ådlandsvatnet 150 000 kr (Stord).

I 2018 kom det inn 47 søknadar i Hordaland. 37 prioriterte søknadar frå Bergen og Omland Friluftsråd, 6 søknadar frå Friluftsrådet Vest og 4 prioriterte søknadar frå Granvin kommune. Total søknadssum i Hordaland var på kr 9,3 mill. Liste med alle søknadar og tildeling ligg som vedlegg. Søknadane som omhandlar denne fordelinga er markert gult i vedlegget.

Generelt:		
Budsjett 2018: Nasjonal budsjettramme		44 mill kr.
Søknadsfrist 2018:		1. februar
Vedtak kriteria:		Klima- og miljødepartementet
Kriteria og informasjon om ordninga:		Tilskotsordningar 2018
Tal på søknadar:		21
Tal på søknadar som er tilrådd støtta:		7
Samla søknadssum:		4 191 900
Tilrådd til fordeling:		300 000

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Fylkesrådmannen har ikkje prioritert båtutfartsområder då desse berre er tilgjengelege via båt og ekskluderer særsla mange frå tilgang til områda. Friluftsråda i Hordaland har ytra ønske om at statleg båtutfartsområder og bør bli prioritert i denne ordninga då dei meiner det vart feil å få midlar til å sikre områda, men ikkje til opparbeidning. Landfaste områder med lett tilgjengeleghet for allmenta foreslår fylkesrådmannen å gje midlar til. Tiltak som omhandlar universell utforming av område vert høgt prioritert. Ein del av tiltaka omhandlar strandrydding. Dette er viktige tiltak når ein ser utfordringane med maritim forsøpling, og påverknaden dette gjer i friluftsområda.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 300 000, over budsjettpost 10.400.450.15, til tiltak i følgjande statlege sikra friluftsområde:

Nr	Pri.	Namn på søker	Kommune	Tiltak	Tilrådd støtte med kr
1	19	Bergen og Omland Friluftsråd	Kvam	Holmsund	40 000
2	20	Bergen og Omland Friluftsråd	Meland	Varnappen	40 000
3	21	Bergen og Omland Friluftsråd	Austevoll	Nordre Navøyvågen	80 000
4	22	Bergen og Omland Friluftsråd	Fusa	Fusaneset	30 000
5	23	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Herdla fort	20 000
6	24	Bergen og Omland Friluftsråd	Radøy	Skageneset	80 000
7	25	Bergen og Omland Friluftsråd	Meland	Håøy	10 000
8	26	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Garnes	Avslag
9	27	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Gullbotn	Avslag
10	28	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Kollevåg	Avslag
11	29	Bergen og Omland Friluftsråd	Lindås	Vallevik	Avslag
12	30	Bergen og Omland Friluftsråd	Lindås	Fisketangen	Avslag
13	31	Bergen og Omland Friluftsråd	Austevoll	Kalsundholmen	Avslag
14	32	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Store Børøy	Avslag
15	33	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Færøy	Avslag
16	34	Bergen og Omland Friluftsråd	Sund	Buarøy fort	Avslag
17	36	Bergen og Omland Friluftsråd	Osterøy	Kleiveland	Avslag
18		Friluftsrådet Vest	Fitjar	Langøya	Avslag
19		Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Lykelsøya	Avslag
20	2	Granvin herad	Granvin	Bygdatun	Avslag
21	4	Granvin herad	Granvin	Grandane-Røynstrand	Avslag
		3	13		300.000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.
Fylkesrådmannen, 07.05.2018

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.